

**Møte onsdag den 10. oktober kl. 13.**

President: Guttorm Hansen.

*Apning av det 118. ordentlige Storting.*

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 118. ordentlige Storting ved dets åpning:

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den vil bli til gagn for fedrelandet.

Norge vil medvirke til å styrke De Forente Nasjoner som en verdensomfattende fredskapende organisasjon.

Norge vil holde fast ved den utenriks- og sikkerhetspolitiske hovedlinje som vi har fulgt hittil, grunnlagt på gjensidig forpliktende samarbeid. Aktivt medlemskap i NATO må fortsatt være en hjørnesten i sikkerhetspolitikken.

Norge vil arbeide konstruktivt for at Konferansen om sikkerhet og samarbeid i Europa skal føre til positive og varige resultater. Norge vil støtte anstrengelsene for å opnå gjensidige styrkereduksjoner i Europa under de forestående forhandlingene.

Norge vil på grunnlag av handelsavtalen med De Europeiske Fellesskap og medlemskapet i Det europeiske frihandelsforbund arbeide for å styrke samarbeidet i Vest-Europa. De mange muligheter disse avtalene gir til å øke handel og samarbeid mellom vårt land og de øvrige land i Vest-Europa, må utnyttes.

Norge vil gå inn for å styrke forbindelsene med Sovjet-unionen og de andre øst-europeiske land.

Norge vil med basis i det nordiske handlingsprogram utdype og styrke samarbeidet mellom de nordiske land.

Norges utviklingsbistand vil bli økt og utformet i samsvar med de retningslinjer Stortinget har trukket opp.

Norge vil fortsatt arbeide for å påskynde koloniatviklingen og for å styrke den politiske og rettslige stilling for nasjonale og sosiale folkebevegelser i koloniområder og å yte humanitær og annen økonomisk hjelp til disse.

Norge vil yte bistand til gjenreisningen av Vietnam.

Norge vil være rede til å yte sin del av den humanitære bistand til flyktningsarbeidet og til land som rammes av naturkatastrofer.

Norge vil fortsatt gå inn for å bygge ut vernet om menneskerettigheter i væpnede konflikter og vil delta aktivt på den konferanse som skal holdes om disse spørsmål i Genève i 1974.

Norge vil gå inn for at konferansen om havets folkerett som planlagt avvikles i perioden 1973–75. På konferansen vil Norge arbeide aktivt for en traktat som sikrer kyststatenes adgang til å opprette økonomiske soner på inntil 200 nautiske mil, samtidig som en sikrer skipsfartens frihet.

Norge vil fortsatt arbeide for å sikre like konkurransevilkår i internasjonal skipsfart. Bistanden til utbygging av sjøtransporten i utviklingsland vil bli videreført.

Norge vil delta aktivt i arbeidet for internasjonal nedbygging av toll og andre hindringer for verdenshandelen under handelsforhandlingene i GATT. Norge vil arbeide for en jevnere inntektsfordeling mellom rike og fattige land.

Norge vil fortsatt gå inn for å styrke det internasjonale samarbeid om vern av miljøet og søker å bidra til en bedre forvaltning av verdens ressurser.

Det må på bakgrunn av den globale usikkerhet som knytter seg til forsyningen av viktige matvarer, overveies tiltak med sikte på å øke vårt eget lands produksjon av slike varer.

Høy produksjon og sysselsetting må forenes med en rettferdig inntekts- og formuessfordeling og med trygghet og trivsel på arbeidsplassene. Ved en aktiv konjunkturpolitikk må en sikre arbeid til alle. Det må gis høy prioritert til vern av natur og miljø og til en aktiv distriktpolitikk for å oppnå bedre distriktsmessig balanse i næringsliv og bosetting.

Veksten i de offentlige budsjetter vil bli redusert for å dempe stigningen i skattenivået og gi rom for vekst i de yrkesaktives disponibele realinntekter.

Det pris- og inntektspolitiske samarbeid bør føres videre med sikte på å komme fram til løsninger som sikrer lønnstakerne en rimelig vekst i disponibel realinntekt og som demper kostnadsøkningen.

Under henvisning til Grunnlovens § 74 henledes for øvrig Stortings oppmerksomhet på en del saker som er ferdigbehandlet eller under arbeid med sikte på framlegg i Stortinget:

fritak eller reduksjon av merverdiavgift på visse matvarer,  
 melding om petroleumsvirksomhetens plass i det norske samfunn,  
 melding om den videre utvikling av statens budsjett- og regnskapssystem,  
 melding om forenkling av avgiftssystemet for småavgifter og smågebyrer,  
 lov om obligasjonsutstedende kredittforsat,  
 lov om endring i Industribankloven og sammenslutning av Industribanken og Strukturfinans,  
 styrking av fiskerioppsynet,  
 endring i finansieringsordningen for fiskefartøyer,  
 iverksettelse av lov om ferie for fiskere,  
 lov om salgstider,  
 lov om dagsinstitusjoner,  
 sterkere desentralisering av den statlige organisasjon og avgjørelsesmyndighet, ny langtidsplan for Forsvaret for årene 1974–78,  
 skipsfartsnæringens framtid og innpassing i norsk økonomi og samfunnsliv,  
 endring i sjømannsloven,  
 lov om aksjeemisjoner,  
 tiltak for å øke handelen med u-land,  
 valg av ilandføringssted for gassen fra Frigg-feltet,  
 virksomheten på den norske kontinentalsockel,  
 spørsmål om kjernekraftverk i en generell energipolitisk sammenheng og en vurdering av de spesielle problemer denne energiform reiser,  
 omfang og tempo i kraftutbyggingen i perioden 1972–80 og tildeling av kraft til kraftkrevende industri,  
 spørsmål om utbygging av petrokjemisk industri i Norge,  
 melding om utviklingen i norsk konfeksjonsindustri og tiltak for å styrke bransjens konkurransemessige stilling,  
 melding om aluminiumsindustriens framtidige utvikling i Norge,  
 ny straffeprosesslov,  
 ny aksjelov,  
 lov om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs,  
 lokalisering av Norsk voksenpedagogisk institutt,  
 forskningens administrative organisasjon og planlegging for slik virksomhet,  
 plan for Norsk Riksringkastings investeringer og finansieringer i årene framover,  
 lov om målbruk i offentlig tjeneste,  
 organisering og finansiering av kulturarbeid,

gjennomføring av etableringskontroll, utvidelse av ordningen med investeringstilskott,  
 utflytting av statsinstitusjoner fra Oslo-området,  
 lokaliseringsmessig styring av petroleumsvirksomheten,  
 retningslinjer for innvandringspolitikken, utvidelse av reglene om de ansattes representasjonsrett i styrer og bedriftsforsamlinger,  
 direkte valg til fylkesting,  
 melding om jordregister med sikte på permanent ordning med jordregistrering, ny dyrevernlov,  
 midlertidig lov for styring av lokalisering av større anleggs- og industriprosjekter, melding om statsstøtte til kommunale avløpsanlegg og om statsstøtte for å begrense forurensninger i eldre industri,  
 lov om kommunale vann- og kloakkavgifter og endringer i granneloven og lov om vern mot vannforurensning, aksjonsplaner for å begrense forurensning av Mjøsa og Iddefjorden, tilskottsplan for veger til vegløse strøk, vegplan for byer og tettsteder, nærtrafiksaker i Oslo/Bergen/Trondheim,  
 revisjon av samferdselsloven, hurtigrutens framtidige stilling.  
 melding om de sosiale tjenester og det sosiale hjelpeapparat på kommune- og fylkesplanet,  
 lov om helsetjeneste utenfor sykehus og om forsøksvirksomheten i den primære helse- og sosialtjeneste,  
 melding om en landsplan for utbygging av helseinstitusjoner etter sykehusloven, endring av lov om svangerskapsavbrot i visse høve,  
 revisjon av gjeldende bestemmelser om regulering av grunnbeløpet i folketrygden.  
 Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 118. ordentlige Storting åpnet.

Melding frå Kongen til Stortingen om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Helga Gitmark.

Vi OLAV, Noregs konge,  
*gjer kunnig:*

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortingen om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Gjennom FN, FNs særorganisasjonar og andre internasjonale organisasjonar har Noreg gått inn for å utvikle vidare det mellomfolkelege samarbeidet for å fremme avspenning og fred og internasjonal økonomisk og sosial rettferd og solidaritet.

I NATO er Noreg aktivt med i arbeidet på å setje i verk programmet for å løyse dei forsvarsoppgåvane alliansen har i 1970-åra, og i samordninga av avspenningstiltaka i alliansen.

Regjeringa har helsa velkommen det amerikanske initiativet til ein dialog om dei atlantiske tilhøva og har engasjert seg i drøftingane av dette.

Regjeringa har teke aktivt del i dei førebuande drøftingane til Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa og under første delen av konferansen som vart halden i Helsingfors i juli. Det har heile tida vore Regjeringa sin politikk å medverke til at konferansen skal få konkrete resultat til beste for vidare avspenning, auka tryggleik og utvida samarbeid mellom dei deltagande statane og til beste for det einskilde menneske. Regjeringa ser Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa som ei naturleg ramme for vidareføring av den avspennings- og normaliseringsprosessen som er kommen i gang i Europa.

Frå norsk side har vi gjeve vår fulle tilslutning til dei førebuande drøftingane om gjensidige reduksjonar av militære styrkar i Sentral-Europa. Som flankeland tek Noreg sikte på å vere aktivt med i dei tingingane som no skal haldast i Wien. Norske synspunkt på og interessa i desse spørsmåla kan dermed gje rast gjeldande.

Samtidig med at vi aktivt er med i dei fleirsidige drøftingane av aust-vest-spørsmåla, har Regjeringa gått inn for å styrke grannesambandet med Sovjetunionen og kontaktane og samarbeidet med dei andre aust-europeiske landa på område av felles interesse. Det er oppretta diplomatisk samband mellom Noreg og Den tyske demokratiske republikken.

Både i FN og i NATO har Noreg teke aktivt del i arbeidet for rustningskontroll og nedrustning. Noreg har og stødd det arbeidet som er utført i andre fora, først og fremst i nedrustningskomitéen i Genève og i dei bilaterale tingingane mellom USA og Sovjetunionen. Noreg har ratifisert konvensjonen av 1972 om forbod mot utvikling, tilverking og lagring av biologiske våpen, og står arbeidet med å komme fram til eit liknande forbod mot kjemiske våpen.

Noreg har vore medlem av komitéen som har førebudd FN-konferansen om folkeretten for havet. På norsk side blir det lagt vekt på

at konferansen som planlagt blir opna i New York alt i år og avvikla i løpet av 1974, eventuelt med ein siste sesjon i 1975. Frå norsk side har ein gått inn for og gjort framlegg om at konferansen bør munne ut i vedtak om at kyststatane skal ha suveren rett over naturressursane på og i havbotnen og i havet innanfor økonomiske soner på opptil 200 nautiske mils utstrekning. Regjeringa har understreka kor viktig det er å halde oppe prinsippet om fri skipsfart innanfor slike soner, og at ein når fram til tilfredsstillande løysingar når det gjeld retten til gjennomfart i strete og i sjøterritoriet elles. I samband med konferansen blir det frå norsk side også lagt særleg vekt på positive løysingar i spørsmåla om tiltak mot havureining og om å få skipa eit forvaltningsorgan for det internasjonale havbotnområdet.

Regjeringa har lagt vinn på å hjelpe til med å få ei løysing av fiskerigrensetvisten mellom Island og Storbritannia.

Noreg tek aktivt del i arbeidet i Det internasjonale valutafondet (IMF) med sikte på reform av det internasjonale valutasystemet.

Gjennom FN og andre organ står Regjeringa det internasjonale humanitære hjelpearbeidet i samband med naud- og krisetilstand i ymse delar av verda.

Noreg er aktivt med i arbeidet for å auke dei frivillige tilskotta til FNs organisasjon for hjelp til Palestina-flyktningane (UNRWA) og har auka sitt eige tilskott.

Med bakgrunn i FNs fråsegn av 1960 om å avskaffe kolonistyret og seinare resolusjonar vedtekne av Hovudforsamlinga og Tryggingsrådet går Regjeringa inn for at ein frå norsk side utvidar den humanitære hjelpa og andre former for økonomisk hjelp til dei folka og dei nasjonale og sosiale folkerørslene i det sørlege Afrika som kjempar for nasjonal frigjering.

Noreg er medlem av FNs menneskerettsskommisjon for ein treårsperiode, og arbeider aktivt for at FNs menneskerettsskonvensjonar om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar og om sivile og politiske rettar skal bli sett ut i livet. Ei utbygging og trygging av grunnleggjande menneskerettar er ikkje berre eit mål i kampen for likskap og sosial rettferd, men naudsyt i arbeidet for varig fred i verda.

Noreg har vore aktivt med i drøftingane mellom medlemslanda i Antarktis-traktaten om verksamda i Antarktis.

Noregs samarbeid med utviklingslanda er ført vidare og utbygd i samsvar med dei prinsipp og retningslinjer som Stortinget har godkjent.

Noreg ytte i 1972 i alt 418,4 millionar kro-

ner til utviklingshjelp og internasjonalt humanitært hjelpearbeid. Dette er ein auke på 42 prosent samanlikna med 1971. Hjelpa fordelt seg med 52 prosent på multilateral og 48 prosent på bilateral verksemd.

I det indisk-norske fiskeriprosjektet har indiske styremakter overteke leiinga etter 20 års samarbeid under norsk leiing.

Den tosidige hjelpa til Uganda er stogga til så lenge. Noreg har gjort ein hjelpeavtale med Botswana og har parafert ein hjelpeavtale med Bangladesh som gjer desse to landa til nye hovudsamarbeidsland. Dermed har Noreg no fire hovudsamarbeidsland i Afrika (Botswana, Kenya, Tanzania og Zambia) og tre i Asia (Bangladesh, India og Pakistan).

Det har vore føresetnaden at Noreg skulle hjelpe til i arbeidet med gjenoppbygging og utvikling i Vietnam etter at krigshandlingane var slutt. Slik hjelp vert no planlagt i samråd med myndighetene i dei ulike delar av Vietnam.

Av dei norske løvyingane til multilateral verksemd i 1972 gjekk bortimot to tredje-partar til FNs utviklingsprogram og Det internasjonale utviklingsfondet. Andre hovudmottakarar var Verdas matvareprogram, FNs folkesetnadsfond, FNs internasjonale barnefond, Verdsbanken, Den internasjonale føderasjonen for familieplanlegging og regionale utviklingsbankar.

I april i år er det underskrive ein avtale mellom Noreg og Den asiatiske utviklingsbanken om eit norsk tilskott på 2 millionar dollar til eit spesialfond for utlån på rimelege vilkår. Noreg har slutta seg til ein avtale om å skipe Det afrikanske utviklingsfondet, som er sett i verk frå 1. august. Det norske innskottet blir i den første treårsperioden (1973–75) på 5 millionar dollar.

I internasjonale styre og råd på hjelpeområdet har Noreg prøvd å arbeide for dei retningslinene som er framlagde i St.meld. nr. 29 (1971–72) og i handlingsprogrammet for FNs 2. utviklingstiår. Regjeringa har lagt særleg vekt på å sta tiltak som kjem dei minst utvikla blant utviklingslanda til gode.

Regjeringa har avslutta tingingane med Dei europeiske fellesskap. Noregs avtalar med Det europeiske økonomiske fellesskapet og Det europeiske kol- og stål-fellesskapet vart underskrive i Brussel den 14. mai. Stortinget gav den 24. mai sitt samtykke til ratifikasjon. Avtalen med Det europeiske økonomiske fellesskapet vart sett i verk den 1. juli, like eins dei første tollreduksjonane. Avtalen med Kol- og stål-fellesskapet blir sett i verk seinare på grunn av ratifikasjonsprosessane i dei ni medlemslanda. Men den første gjensidige toll-

reduksjonen for varer under Kol- og stål-fellesskapstraktaten fekk vi 1. juli.

I EFTA har Noreg teke del i arbeidet med å endre EFTA-konvensjonen, som følgje av at dei opphavsreglane som er fastsette i handelsavtalen med EF, også er gjort gjeldande i handelen med EFTA-landa. Det er vidare oppretta ein protokoll om handelen mellom EFTA-landa av varer som ikkje går inn under handelsavtalane med EF.

Arbeidet med å styrkje det nordiske samarbeidet har halde fram på grunnlag av den reviderte samarbeidsavtalen som vart sett i verk 1. juli 1971. Nordisk ministerråds faste sekretariat er skipa i Oslo. På Nordisk råds 21. sesjon i Oslo la Nordisk ministerråd fram eit handlingsprogram for samarbeidet på dei regionalpolitiske, industripolitiske og miljopolitiske område. Arbeidet med gjennomføringa av fleire prosjekt i handlingsprogrammet er sett i gang.

Regjeringa har gått inn for å byggje ut det økonomiske samarbeidet med Sovjetunionen og dei andre aust-europeiske landa. Det er halde regelbundne møte i dei blanda kommisjonane under gjeldande handelsavtalar og avtalar om økonomisk, industrielt og teknisk samarbeid. Det er underskrive ein ny avtale mellom Noreg og Polen om økonomisk, industrielt og teknisk-vitskapleg samarbeid.

I GATT er det i år slutført førebuande drøftingar om å setje i gang verdsomspennande tingingar om nedbygging av toll og andre handelshindringar. På eit møte i Tokyo i september i år mellom statsrådar frå nærare 80 land vart dei multilaterale handelstingingane formelt opna. Tingingane skal haldast i Genève, ein ventar at dei vil vere i minst to år, og dei er opne for alle land. Formålet er å gjennomføre ei monaleg liberalisering av verdshandelen og samtidig å betre det internasjonale regelverket for handelen. Ein skal få særskilde tiltak for å hjelpe fram utanriks-handelen i utviklingslanda. Noreg er aktivt med på å førebu dei kommande tingingane og legg vekt på at dei reelle forhandlingane kjem i gang så snart som mogeleg.

Arbeidet med å auke og intensivere den offentlege innsatsen for å fremme vareeksporten har halde fram i år. Ein følgjer merksamt med i den innverknad den norske oljeutvinninga har på utanriksøkonomien.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt samarbeid om vern av miljøet, både i FNs organ, i andre internasjonale organisasjonar og på nordisk plan. Noreg har medverka til å utarbeide ein verdsomspennande konvensjon mot dumping av skadeleg avfall i havet, og fungerer som koordinator for eit forskings-

prosjekt i OECD med sikte på å redusere luftureiningane over landegrensene.

Noreg har vore aktivt med i det skipsfarts-politiske samarbeidet innanfor ramma av bl.a. OECD og UNCTAD. Det har vore eit hovudsiktepunkt for Regjeringa å hindre nye restriksjonar i internasjonal skipsfart, samtidig som ein tilgodeser dei spesielle behova utviklingslanda har.

Arbeidet med å følgje opp tilrådingane frå den tredje konferansen om handel og utvikling, UNCTAD III, er i gang. I pakt med tilrådinga frå konferansen om å gje utviklingslanda ein større del av verdshandelen, har Noreg utvida mottakarkrinsen og vareomfanget i det generelle tollpreferansesystemet som er oppretta til bate for utviklingslanda. 97–98 prosent av eksportvarene frå over 100 land er no i prinsippet tollfrie her i landet.

Regjeringa har lagt vekt på å medverke til å få i stand internasjonale råvareavtalar. Noreg vart i juni part i den internasjonale kakaoavtalen og tek del i arbeidet med nye råvareavtalar for kaffi og for sukker.

Forsvaret har arbeidd etter dei hovedretningslinene som vart fastlagde for perioden 1969–73. Samtidig er det utarbeidd ein ny plan for neste femårsperiode. Dei nye aldersgrensene for befalet er gjort gjeldande frå 1. juli 1973.

10 Sea King bergingshelikopter er komne til landet og organiserte i ein bergingsskvadron med personell frå Luftforsvaret. Skvadronen er no fullt vernebudd, med basar i Banak, Bodø, på Ørlandet og Sola.

Folke menengda var 3 970 000 pr. 1. oktober 1973, dvs. 0,7 prosent større enn på same tid i fjor.

Arbeidsmarknaden var i 1. halvår 1973 litt mindre stram enn i dei nærmast føregående åra. Talet på ledige plassar rekna som prosentdel av talet på arbeidssøkjarar registrerte ved arbeidskontora var for 1. halvår i år 79 mot 85 for 1. halvår 1972. Som følgje av konjunkturomslaget kunne ein sommaren 1973 registrere teikn til ny tilstramming, og arbeidsmarknaden må hausten 1973 seiast å vere stram. Ved utgangen av juli låg talet på ledige plassar i prosent av talet på arbeidssøkjarar litt høgare enn på same tid i fjor.

Den registrerte arbeidsløysa har i januar–august i år reelt lege litt høgare enn i same perioden i fjor. Ein reknar med at den lågare pensjonsalderen har ført til at det blir registrert om lag 2000 færre arbeidslause over 67 år enn det ville ha vore med uendra pensjonsalder. Ved utgangen av august 1973 var

det registrert 9300 arbeidslause, som reelt er ca. 600 meir enn i august 1972.

I perioden januar–august var 117 bedrifter og 4402 personar råka av driftsinnskrenkingar. Dette er ein nedgang på 20 bedrifter og 774 personar frå same tidsrom eit år tidlegare. Driftsinnskrenkingane har særleg råka arbeidarar i jern- og metallindustri, kledevarerindustri og næringsmiddelindustri. Innskrenkingane hadde størst omfang i Rogaland og i Møre og Romsdal.

I dei sju første månadene av 1973 fekk 8450 utlendingar arbeidsløyve, eller 250 færre enn i same tidsrom i fjor. Ved utgangen av august 1972 var det 20 300 utlendingar i arbeid i Noreg.

Staten har til no overteke det lokale arbeidstilsynet i dei tre nordlegaste fylka.

Reglane i aksjelova om representasjonsrett for dei tilsette i dei styrande organ i aksjeselskap vart sett i verk 1. januar. Reglane er i første omgang gjort gjeldande for næringane bergverk og industri.

Ein reknar med at samla produksjonen av varer og tenester vil auke med 4,3 prosent frå 1972 til 1973. Dette er same stigning som frå 1971 til 1972.

Førebels oppgåver over varebytet med utlandet (rekna utan skip) viser at verdien av innførla i dei åtte første månadene av 1973 var 18,5 milliardar kroner, eller om lag 2,3 milliardar kroner større enn i same tidsrom i fjor. Verdien av utførla gjekk i same perioden også opp med om lag 2,3 milliardar kroner, til 13,8 milliardar kroner.

I januar–juli 1972 var det ei nettoutførsle av skip på 24 mill. kroner, medan det i same tidsrom i 1973 var ei nettoinnførsle på 669 mill. kroner.

Rekna utan skip auka innførla med 11,0 prosent i volum, medan utførslevolumet steig med 9,5 prosent frå januar–juni i fjor til same tidsrom i år. Prisane på innførte varer gjekk i same periode opp med 2,3 prosent. For utførte varer steig prisane med 7,2 prosent.

I dei sju første månadene av året var nettofraktene av norske skip i utanrikss fart 5 465 mill. kroner, eller 940 mill. kroner meir enn i same perioden i fjor. Det var i januar–juli i år eit underskott på driftsrekneskapen med utlandet på 815 mill. kroner, mot 315 mill. kroner i dei sju første månadene av 1972. Underskottet på driftsrekneskapen i januar–juli 1973 og ein netto utgang av kortsigktig kapital på 1 840 mill. kroner vart dekt av ein netto inngang av langsiktig kapital på 2 655 mill. kroner.

For jordbruksareal var vekstvilkåra sommaren 1973 noko skiftande. Alt i alt reknar ein med middels gode avlingar i jord- og hagebruksareal, trass i store variasjonar for visse vokstrarar. Ein reknar med at samla husdyrproduksjon blir om lag som i 1972. Produksjonen av jordbruksvarer i Nord-Noreg, særleg mjølk og kjøtt, har likevel minka monaleg. Nedgangen gjeld særleg distrikta nord for Polarsirkelen og gir grunn til uro. Det blir arbeidd med å finne fram til tiltak som kan betre tilhøva. Nedlegging av mindre bruk og brakking av jordbruksareal held fram med om lag same styrke som tidlegare. Også her blir det arbeidd med tiltak for å trekke dyrka jord inn i produksjon att.

I skogbruket vart det avverka 7,5 mill. m<sup>3</sup> til sal og industriell produksjon i driftsåret 1971–72. Førrebels oppgåver for driftsåret 1972–73 viser ein liten nedgang frå førre driftsåret, medan tilstand og alderssamansetnad i skogen med rasjonell skogsdrift skulle tilseie ein auke i avverkinga. Det blir arbeidd med verkemidlar som kan retta på tilhøva.

Utbytet av fisket var i 1. halvår om lag 1,6 mill. tonn, mot om lag 1,8 mill. tonn i same perioden i 1972. Førstehandsverdien i 1. halvår vil likevel bli mykje høgare enn i same tidsrom i fjor. Nedgangen i fangstmengda kom først og fremst av at loddefiske i 1. halvår gav eit dårlegare utbyte enn i same perioden i 1972. Det var også ein svikt i skreifisket samanlikna med året før. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt auka frå 1238 mill. kroner i 1. halvår 1972 til 1476 mill. kroner i 1. halvår 1973.

I bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei sju første månadene om lag 4 prosent større enn i same perioden i 1972. For bergverksdrift var produksjonsauken 4 prosent (medrekna oljeutvinning), for industri knapt 4 prosent og for kraftforsyning 5 prosent i høve til januar–juli i fjor.

Samanlikna med dei sju første månadene i 1972 auka eksportvareproduksjonen med 4 prosent, investeringsvareproduksjonen med 3 prosent, produksjonen av varer til bygg og anlegg med 4 prosent, produksjonen av vareinnsatsvarer elles med 4 prosent, mens konsumvareproduksjonen var uendra.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1972 var 67,7 milliardar kWh. I dei sju første månadene av 1973 var produksjonen 40,9 milliardar kWh, mot 39,0 milliardar kWh i same tidsrom i fjor. Magasinfillinga var hausten 1973 om lag like god som på same tid i fjor.

Byggverksemda har hatt om lag same omfang i år som i fjor. Ved månads-

skiftet juli–august viste arealet under arbeid lita endring frå året før. Både areal sett i arbeid og areal teke i bruk i januar–juli var 1 prosent større enn i same perioden i 1972. I dei sju første månadene av 1973 vart det sett i arbeid 21 782 og fullført 25 423 bustader. Ved månadsskiftet juli/august var det i arbeid 34 898 bustader. Samanlikna med 1972 er dette ein auke på om lag 1 prosent for bustader sette i arbeid, ein auke på 6 prosent for fullførte bustader og ein nedgang på 6 prosent for bustader under arbeid.

For andre bygg enn bustader og bygg for jordbruk, skogbruk og fiske har det for dei sju første månadene vore ei stigning på 2 prosent for igangsett areal og 4 prosent for areal under arbeid, men ein nedgang på 6 prosent for fullført areal.

Handelsflåten auka med 190 000 bruttotonn i første halvår og var på 22,5 mill. bruttotonn ved utgangen av juni. Tanktonnasjen auka i 1. halvår med 198 000 bruttotonn.

Ved halvårsskiftet var det under bygging eller tinga for norsk rekning ved utanlandske verkstader skip på til saman 10,9 mill. bruttotonn. Dette var ein auke på 4,4 mill. bruttotonn frå same tid i fjor. Ved norske verkstader var det for norsk rekning under bygging eller tinga skip på til saman 3,1 mill. bruttotonn, eller 0,7 mill. bruttotonn meir enn på same tid i fjor.

Frakratene på verdsmarknaden viste både for tørrlastskip og for tankskip sterkt stigning frå 1. halvår 1972 til same perioden i år. Turfraktene for tørrlastskip i 1. halvår låg 92 prosent høgare enn i same perioden året før, tidsfraktene 96 prosent høgare, og turfraktene for tankskip viste ein auke på 157 prosent frå 1. halvår 1972.

Ved utgangen av august låg 4 tørrlastskip på til saman 9000 bruttotonn i opplag. Ingen tankskip låg i opplag. Eitt år tidlegare låg 14 tørrlastskip på til saman 76 000 bruttotonn og 10 tankskip på til saman 146 000 bruttotonn i opplag.

Trafikken innanlands har også siste året vaksen sterkt i luft- og vegtransport.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1972 på nær 74 200 km. Om lag 26 600 km offentleg veg har fast dekke eller oljegrusdekk. Av riksvegnettet kan 88 prosent trafikkerast av vogner med akseltrykk på opp til 7 tonn, og på 83 prosent av riksvegene er 8 tonn akseltrykk tillate. Nye ferjer og ferjesamband og forsterking av bruer på hovudrutene har hjelpt til å knyte vegnettet betre saman.

Ved utgangen av 1972 var bilparken på

1973. 10. okt. — Åpning av det 118. ordentlige Storting.

over 1 million køyretøy. Auken frå året før var på nær 6 prosent. Bilparken har auka med nesten 50 prosent i dei siste 5 åra. Den sterke auken i talet på tunge lastebilar som ein har hatt i mange år, gjekk vesentleg ned i 1972. Den største biltettleiken har ein framleis i fylka på Austlandet, men tettleiken landsdelane imellom jamnar seg stadig ut.

Vegtrafikken aukar framleis sterkt, men med noko redusert tempo i landet under eitt. Auken har variert mykje frå landsdel til landsdel og også innanfor den einskilde landsdelen.

Ferjetrafikken blir driven med 225 farty med ein samla kapasitet på 4920 personbilspllassar. Det vart frakta 12 prosent fleire bilar og nær 9 prosent fleire personar i 1972 enn året før.

Trass i at den samla bruttotonnasjen i kyst- og lokalrutefarten er redusert, held transportvolumet seg godt oppe. Moderne godshandteringsmetodar har ført til at det er mogeleg å drive rutene med færre skip enn tidlegare. På somme ruter er det sett inn snøggbåtar, og ei oppdeling av lokaltrafikken på reine snøgg-gåande personbåtruter og godsruter, først og fremst i Trondheimsområdet, har ført til ein sterk auke i persontrafikken på sjøen.

Statsbanene transporterte i fjor 29 mill. personar, det same talet som i kvart av dei tre åra før. Persontransportane på avstandar mellom 150 og 300 km auka med nær 10 prosent i 1972. For første gong på fleire år var det også ein oppgang i trafikken på korte avstandar opp til 60 km, bl.a. som følge av betra tilbod i lokaltrafikken i Oslo-området. På dei lengste avstandane tok flya ytterlegare trafikk frå jernbanene. Godsmengda utanom dei spesielle malmtransportane minka med 4,6 prosent i 1972. Nedgangen kjem i stor mon av reduksjon i tømmer- og kubbsportane frå Sverige. Malmtransportane på Ofotbana auka med 6 prosent i 1972. Produktiviteten ved Statsbanene målt i bruttoprodukt pr. årsverk, auka med 3,2 prosent i 1972 mot 2,8 prosent i 1971.

Kapasiteten på dei fleste innanlandske flyrutene auka mykje i 1972, samtidig som fire nye kommunale flyplassar vart opna for trafikk. Evenes lufthamn vart offisielt opna i år som den siste av stamflyplassane i Nord-Noreg. Det internasjonale flyrutenettet er bygd vidare ut. I 1972 steig passasjertalet med 13 prosent på dei innanlandske og 6,5 prosent på dei internasjonale flyrutene. Trafikken i Nord-Noreg har auka monaleg meir enn i Sør-Noreg. Dei innanlandske flyrutene

hadde 70 prosent av det samla passasjertalet i 1972.

Det har vore auke i alle trafikkgreiner i Televerket i 1972, bortsett frå telegramtrafikken som minkar frå år til år. Ved utgangen av året var det installert i alt 1,3 mill. telefonapparat ved telefonanlegga og tilknytningsnetta til Televerket, dvs. ein auke på 4,9 prosent frå 1971. Tingingar på nye hovudabonnement gjekk ned med 10,3 prosent. Ventelista ved utgangen av 1972 var på vel 34 700 tingingar mot 32 600 ved utgangen av 1971. Telefontettleiken er kommen opp i 32 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar. 86,6 prosent av apparata er knytte til automatiske telefonsentralar. Av den samla innanlandske rikstelefonafrakken vart ca. 59 prosent avvikla automatisk i 1972.

Postverket ekspederte over ein milliard sendingar i 1972. Dette var ein auke på 3,8 prosent frå 1971. Posttrafikken blir etter kvart konsentrert til færre og større poststader. I dag har vi knapt 3 300 poststader. Nedlegginga av dei mindre, faste poststadene blir kompensert ved utbygging av landpostbodenesta.

Konsumprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 7,5 prosent høgare enn i tilsvarende periode i fjor. Frå januar til august steig indeksen med 4,1 prosent.

Engrosprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 6,7 prosent høgare enn i tilsvarende periode året før.

For utviklinga i dei private inntektene har ein enno lite å halde seg til. Utbetal Lønn pr. årsverk vil truleg auke no meir i 1973 enn i 1972.

I samband med indeksoppgjeret i vår vart det nedsett eit spesielt ad hoc-utval. På grunnlag av opplegget frå dette utvalet kom partane fram til eit indekstillegg som samtidig gav ein lågare pris- og kostnadsauke og større vekst i den disponibele realinntekta enn det ein elles kunne rekne med.

Det private forbruket viste -- etter utviklinga av detaljomsetningsvolumet å dømme -- berre svak stigning frå 1. halvår i fjor til 1. halvår i år. For heile 1973 reknar ein med ei stigning frå året før på 3,5 prosent.

Bruttoinvesteringane i fast realkapital ventar ein skal auke med 19 prosent frå 1972 til 1973. Om ein held investeringane i sjøfart utanfor, ventar ein at bruttoinvesteringane vil stige med 15 prosent. Held ein også investeringane i oljeutvinning m.m.

utanfor, reknar ein med ein vekst på 4 prosent i bruttoinvesteringane. Dette er ein noko sterkare vekst enn året før, da bruttoinvesteringane utanom sjøfart og oljeutvinning m.m. steig med 2,7 prosent.

Kredittpolitikken for 1973 tok sikte på om lag like stor samla innanlandsk kreditt-tilførsel til næringslivet, kommunar og privatpersonar som i 1972. Men ein rekna med ein vesentleg større direkte kapitalinngang frå utlandet enn året før. Utviklinga hittil i år kan tyde på at den innanlandske kreditt-tilførselen blir om lag som rekna med i det reviderte nasjonalbudsjettet, medan kreditt-tilførselen frå utlandet truleg blir noko lågare enn venta.

Finanspolitikken har i dei tre første kvartala av 1973 ført til ein noko mindre likviditetsmndraging frå publikum enn i same tidsrom året før. Noregs Banks valutakjøp har verka i same retning. Statens driftsutgifter og utgifter til investeringar steig med vel 12 prosent frå første halvår 1972 til første halvår 1973. I same tidsrom auka overføringer med 8 prosent. Statens samla utgifter var i første halvår 14,9 milliardar kroner. I same tidsrom var dei samla utgiftene i trygdrekneskapen om lag 7 milliardar kroner. Folketrygdfondet var ved utgangen av 1. halvår på 5,6 milliardar kroner.

Devalueringa av dollar i februar i år med 10 prosent reiste med ein gong spørsmålet om kva ein skulle gjere med den norske krona. Regjeringa vedtok å ikkje endre sentralkurssen for norske kroner. Dette var ei reell oppvaluering av krona med 3—4 prosent, som vart forsterka ved seinare ytterlegare fall i dollar- og pundkursane. Sidan mars i år er den norske krona — som den svenske — tilslutta ei ordning med «felles flyting» som er etablert for dei fleste EF-valutaer. Dei innbyrdes kursvariasjonane mellom dei er avgrensa til 2,25 prosent.

Det er framleis høg aktivitet i kommunane. Det blir reist sterke krav til kommunane om utbygging av undervisning, helsestall, eldre- og uføreomsorg, vassforsyning og bustad- og miljøverntiltak. Ei slik utbygging kan ein ikkje få utan at den kommunale lånegjelda framleis kjem til å auke sterkt.

Distriktenes utbyggingsfond gav i 1972 tilsegn om lån og garantiar for i alt ca. 461 mill. kroner og tilsegn om investeringstilskott med ca. 193 mill. kroner. Til flytting av bedrifter og til spesiell opplæring og oppstartning vart det i 1972 gjeve tilsegn om tilskott med til saman vel 28 mill. kroner. I alt vart det i 1972 gjeve tilsegn om lån, garantiar og tilskott frå Distriktenes utbyggingsfond på ca. 684 mill. kroner mot ca. 546

mill. kroner i 1971. Talet for første halvår 1973 var ca. 451 mill. kroner, av dei ca. 109 mill. kroner i investeringstilskott.

Gjennom Selskapet for industriekstanlegg (SIVA) er det no fullført utleigebygg på til saman ca. 82 000 m<sup>2</sup>. Dei bedriftene som er flytta inn, sysselset nærmare 1 500 personar, av dei 600 ved det anlegget Akergruppa har på Verdalsøra. Utleigebygg på til saman 7 000 m<sup>2</sup> er under bygging.

Ordninga med regionalpolitisk transportstønad er utvida, og nye forsikrifter er gjort gjeldande frå 1. juli.

Ved lovendring av 1. juni er det i bygningslova teke inn føresegner om fylkesplanlegging. Miljøverndepartementet har gjeve fylkesmennene fullmakt til å stadfeste reguleringsplanar.

Den siste av landsdelskomitéane, Landsdelskomitéen for Agder og Rogaland, har lagt fram si avsluttande utgreiing. Departementet har godkjent i alt fem generalplanar, tre delgeneralplanar og ein regionplan.

Det er gjort opptak til i plansamanheng å sikre ei meir ansvarleg forvaltning av produktive areal.

Ei rekkje større friluftsområde er sikra.

Det er oppretta to nye naturreservat. Det er innført freding for bjørn, ulv og jerv.

På Svalbard er det oppretta tre nasjonalparkar, to større naturreservat og 15 fuglereservat. I Ny-Ålesund er det gjort ein del oppryddingsarbeid.

Strandplanlova av 10. desember 1971 er endra slik at lovreglane no også kan gjerast gjeldande for fjellområde på same måten som for vassdrag.

Det er sett i gang eit omfattande utgreiingsarbeid for å undersøke om folketrygdløva verkar i samsvar med føresetnadene, og om det er grunnlag for endringar. Arbeidet omfattar tiltak for eldre, attføring og andre tiltak for uføre, tiltak for einslege forsørgjarar og etterlatne, og spørsmål i samband med ytingar ved sjukdom. Utgreiinga skal også skaffe grunnlag for ei vurdering av økonomien på lengre sikt.

Grunnbeløpet i folketrygda vart frå 1. januar auka frå kr. 7 900 til kr. 8 500. Saertillegget gjekk dermed opp frå kr. 1 343 til kr. 1 445 for pensjonist som er ugift eller har ektemake som ikkje får pensjon frå folketrygda, og frå kr. 1 264 til kr. 1 360 for pensjonist med ektemake som får pensjon frå folketrygda.

Frå 1. januar vart pensjonsalderen i folketrygda sett ned frå 70 til 67 år. Samtidig vart pensjonsalderen i pensjonstrygda for fiskarar sett ned frå 65 til 62 år og pensjonsalderen i pensjonstrygda for skogsarbeidarar frå 65 til 63 år.

Pensjonane etter lov om yrkesskadetrygd vart frå 1. januar auka med 25 prosent for skadetilfelle som hadde hendt før den datoен.

Tillegget til bruttopensjonane etter lov om pensjonstrygd for sjømenn var frå 1. juli 1972 23 prosent for alderspensjonistar under 70 år og elles for den delen av pensjonane som svarar til krigsfartstillegget. Frå 1. januar 1973 skal den pensjonsutrekninga som til da hadde vore gjeldande for pensjonistar over 70 år, også gjelde for pensjonistar mellom 67 og 70 år. Tillegget til bruttopensjonane vart frå 1. juli auka ytterlegare til 32 prosent for alderspensjonistar under 67 år og for den delen av pensjonen som svarar til krigsfartsstillegget.

Frå 1. januar er det gjennomført full jamstilling mellom pensjonane til tenestemenn og arbeidrarar i staten.

Det er sett i verk ei rekke tiltak for å betre grunnlaget for utforminga av sosialpolitikken. Sosialdepartementet har også arbeidd med å ta forsking meir systematisk i bruk ved planlegging av sosiale tiltak. Løyvingane til sosialforsking, utgreiing m.m. er auka.

Det er etablert ei arbeidsgruppe som arbeider med vidareføring av Sosialreformkomiteen sitt framlegg i to innstillingar av 11. desember 1970 og 29. juni 1972.

Det er no oppretta stilling som konsulent for sosial omsorg i 12 fylke.

Det er framleis nødvendig med etatsoppplæring for sosialeiarar i kommunane. I tillegg til kursa for leiarar blir det halde kurs for saksbehandlarar ved sosialkontora. Det er Opplæringsseksjonen i Forbrukar- og administrasjonsdepartementet som driv desse kursa.

Etter at Stortingsmeldigna om tiltak for dei norske sigøynarane vart drøfta av Stortinget 10. april, arbeider ein vidare med dei mest presserande tiltaka for å betre kåra til sigøynarane, som busetjing, undervisning av barn og ungdom, vaksenopplæring og nye yrkestilbod for dei vaksne.

Den mellombels stønadsordninga for fråskilde og separate forsegjarar er forlengd ut året 1974.

Frå 1. januar er Nasjonalforeningens gerontologiske institutt gått over til å bli eit statsinstitutt under Sosialdepartementet. Instituttet har namnet Norsk gerontologisk institutt.

Dei kursa Sosialdepartementet held for aldersheimstyrarar og styrarassistentar held fram.

Rådet for eldreomsorga og Fellesutvalet for førebuing til pensjonsalderen har utvida verksamda.

Ved utgangen av 1971 var det 9 212 barn under vernetiltak av barnevernsnemndene. Av desse barna var 5 201 under omsorg, av dei 2 565 fosterheimar, resten i institusjonar.

Utviklinga av fosterheimsarbeidet held fram, gjennom seminar og forsøksverksemde og ved å styrke fosterheimssentralane. Det er skipa eigne kuratorstillingar ved fosterheimssentralane i 8 fylke.

Kurs- og seminarverksemde for institusjonspersonale, styremedlemmer og tilsynsførarar ved barnevernsinstitusjonar held fram som ei kontinuerleg etterutdanningsverksemde.

Innsatsen i det førebyggjande barne- og ungdomsvernet har vore intensivert gjennom informasjon ved direkte kontakt med kommunane og gjennom stimuleringstilskott, særleg med tanke på førebyggjande fritidsarbeid i kommunane.

Det er i juni vedteke endringar i alkoholova. Bl.a. er det innført forbod mot reklame for alkohol. Arbeidet med å setje endringane i verk held fram.

Alkoholforbruket var i 1972 5,10 liter omreknna i rein alkohol og rekna i gjennomsnitt pr. innbyggjar 15 år og eldre, mot 4,93 liter i 1971. Samtidig med auken i alkoholforbruket har vi fått ein auke i drukkenskapsmisferder og andre straffbare handlingar i samband med alkohol.

Utbygging, modernisering og betring av alkoholinstitusjonane har halde fram, bl.a. for midlar stilte til rådvelde over statsbudsjettet.

Etter at Stortinget no har drøfta meldingane om helsetenesta utanfor sjukehus, blir det arbeidd vidare med spørsmålet om ei systematisk planlegging og utbygging av denne tenesta. Det er framleis god søknad til ledige offentlege legestillingar, og personellsituasjonen for det offentlege legestellet er no stort sett tilfredsstillande.

Det er utarbeidd retningsliner for det sosialmedisinske arbeidet ved fylkeslegekontora.

Det er i 1973 ca. 3 900 tannlegar som er autoriserte i Noreg, tredjeparten av dei er tilsette i folketannrøkta eller skoletannrøkta. Tannlegedekninga er vesentleg betra, og det er i hovudsaka tilsett personale i dei offentlege stillingane. Sivil tenesteplikt for tannlegar fall bort 1. juli.

Systematisk bruk av fluorid for å førebyggje tannrøte skjer i stadig vidare omfang. Ein er spesielt merksam på det som kan gjerast i helsestasjonars arbeidet for å førebyggje tannsjukdommar hos nye fødselskull.

Nasjonalt og internasjonalt epidemiologisk forskingsarbeid vil gje oss meir kunnskap om utbreiinga av tannsjukdommane i ulike lag av folket. Noreg var i 1973 med i ei interna-

sjonal tannhelseundersøking som Verdshelseorganisasjonen gjennomførte i 6 ulike land.

Utbrygginga av det psykiske helsevernet og helsevernet for psykisk utviklingshemma har halde fram. Det blir særleg arbeidd med å skaffe andre alternativ enn plassering i institusjonar.

Sosialdepartementet har gjeve store tilskott til kampen mot narkotikamisbruk ved oppsøkjande og førebyggjande arbeid, lokale behandlingstilbod og andre tiltak for ungdoms-stoffmisbrukarar, og ved å arrangere kurs og seminar for personale som har med ungdoms-stoffmisbrukarar å gjøre.

Utbrygginga av familievernkontora i offentleg og kyrkjeleg regi held fram.

Alle fylke, unntek Oslo, har no vedteke utbyggingsplanar for sjukehusstellet, slik det er føresetnaden i sjukehuslova av 19. juni 1969.

Det er teke opp arbeid for å få innført kostnadsrammer for sjukehusbygg. For å skaffe eit breiast mogeleg vurderingsgrunnlag er det ved kongeleg resolusjon gjeve godkjenning av Akershus fylkestings vedtak om å bygge det nye Bærum sjukehus som eit prøvesjukehus etter det framlegg til rammer Selvaag-utvalet har gjort.

Utbrygginga av heimesjukepleieverksemda går etter planen. Den er pr. 1. januar 1973 innført i 189 av dei 444 kommunane i landet.

Den offentlege legemiddelkontrollen blir styrkt ved omorganisering og vidare utbygging. Arbeidet med sentralisering av legemiddelproduksjonen og forenkling av apotekanlegga er ført vidare.

Det har vore arbeidd vidare med å leggje tilhøva til rette for å bygge ut helsearbeidet blant barn og gravide i samband med gjennomføringa av lov om helsestasjonar og helsetiltak blant barn m. m.

Det er vedteke lov om restriktive tiltak ved omsetning av tobakksvarer m. m. Lova set forbod mot tobakksreklame og plikt til å merke tobakksemballasje med åtvaring om helsefare ved sigarettrykking. Ein arbeider med å lage utfyllande forskrifter til lova. Innføringa av lova vil bli koordinert med intensivert opplysningsarbeid om røyking og helse.

Fra 1. september er det sett i gang ei prøverordning med eit nytt meldesystem for smittsare sjukdommar i to fylke.

Det har vore lagt stor vekt på kartlegging av vårt kjemiske miljø (tungmetall, pesticid, tilsetningsstoff i næringsmiddel o.l.).

I 1972 har hjelpeordningane for heimane omfatta husmorvikarverksemd, heimehjelp for eldre, funksjonshemma og andre, og anna hjelp til heimar som er i ein vanskeleg situasjon. Ein reknar med at nærmare 27 000 per-

sonar arbeidde innafor hjelpeordningane for heimane i 1972, og at dei utførte om lag 6 000 årsverk. Det er ein auke på 300 årsverk frå året før. Hjelpeordningane er innførte i alle kommunane i landet unntek to. Det går for seg ei vidare utbygging innanfor kommunane, da behovet for hjelp ikkje er dekt med det talet på årsverk vi har no.

Under ordninga med statstilskott til landbruksvikarar er det pr. 1. juli registrert i alt 365 landbruksvikarar i til saman 294 kommunar. Det er ein auke på 75 stillingar og 25 kommunar sidan 1. juli 1972.

Staten og Feriefondet gav i 1972 tilskott til i alt 24 organisasjonar og ein kommune som arrangerte husmorferiar for til saman 10 022 husmødrer med eit gjennomsnittleg ferieopphold på 13. dagar.

Under ferieordninga for jordbruket vart det i 1972 maksimalt gjeve tilskott til 12 feriedagar. 81 000 brukarar nutta seg av ordninga. Det svarar til 88 prosent av alle med tilskottssrett. Den gjennomsnittlege ferielengda var 10,9 dagar.

Ved utgangen av 1972 var det i drift 1 142 daginstitusjonsavdelingar for barn i forskolealderen. Det er ein auke på 248 avdelingar frå året før. Dette gjev i alt ca. 18 300 plassar, som dekkjer 3,95 prosent av barna i forskolealderen.

Med verknad frå 1. juli 1973 vart Forbrukarrådet omorganisert og slått saman med Rettleiingsteneste i heimstell. Frå og med 1973 tek utbygginga av det lokale forbrukarapparatet til.

Med verknad frå 1. januar vart Forbrukarombodsmannen og Marknadsrådet oppretta. Røynslene frå 1. halvår 1973 har vist at det er eit stort behov for ordninga.

Utgiftene til kulturformål på stats- og kommunebudsjetten i 1973 er om lag 8,8 milliardar kroner.

I kyrkja er det no 1 068 prestar forutan feltprestane. Det er framleis liten tilgang på sokjarar til ymse prestestillingar.

Talet på elevar og studentar i skoleåret 1973–74 er om lag 800 000.

Samla elevtal i allmenndannande skolar er om lag 650 000. 440 av i alt 444 kommunar har no innført 9-årig skole. Den nye mønsterplanen er i haust teken i bruk til og med 7. klasseseget.

I spesialskolane er det no 3 600 elevar. I år er det bygd ein ny yrkesskole for døve og nye bygg ved ein barneskole og ved ein ungdomsskole for psykisk funksjonshemma.

Elevtalet i gymnas og økonomisk gymnas er om lag 60 000. Forsøka med 2-årig kombinerte grunnkurs og reformgymnas er utvida til å omfatte fleire skolar. Det er innført ein

del nye fagkombinasjonar for dei 2-årlige kombinerte grunnkursa. Til examen artium melde det seg i 1973 14 500 og til eksamen ved økonomisk gymnas 1 750 kandidatar. Til saman er dette om lag 27 prosent av årskullet.

Tilskottet til private skoler er no om lag 50 mill. kroner. Etter lov om tilskott til private skolar har departementet godkjent 26 grunnskolar i Noreg, 9 grunnskolar i utlandet og 4 gymnas. Nærare 90 private skolar som gir vidaregående yrkesutdanning av ulik slag får no statstilskott.

Elevtalet i folkehøgskolane er auka til om lag 7 500.

I lærarskolane er studenttalet om lag 6 750. I tillegg kjem 1 200 studentar i førskolelærarskolane og 2 300 i faglærarskolane. I vår vart det uteksaminert om lag 1 850 nye lærarar, 370 nye førskolelærarar og 950 faglærarar. 1 200 lærarar har skaffa seg vidareutdanning og 12 000 har vore med på etterutdanningskurs av ymse slag.

Frå i år er det sett i gang full lærarutdanning i Alta. Ei viktig oppgåve for denne institusjonen vil vere å byggje ut lærarutdanning som høver for språkblandingsdistrikta.

Staten har frå 1973 teke over ansvaret for drifta av dei fleste av dei tidlegare kommunale og private skolane som utdanner førskolelærarar.

I yrkesutdannande skolar under Kyrkje- og undervisningsdepartementet er det i alt om lag 65 000 elevar. Av desse går 5 300 i offentlege tekniske skolar (ingeniørskolar) og 900 i sosialskolar.

Arbeidet med nye undervisningsplanar og med ajourføring av dei noverande planane held fram. Ei rekkje pensumutval er i arbeid med dette. Det er sett i gang arbeid med undervisningsplanar for sams grunnopplæring innafor ein del yrkesfag. Nye overgangsordningar og utdanningstilbod innafor teknisk utdanning blir prøvd i 1973–74.

Forsøk med utdanning for arbeidarar til petroleumsaktiviteten i Nordsjøen er sett i gang. Det er og sett i gang forsøk med kombinert undervisning i husstellfag for vaksne.

I samband med Arbeidsdirektoratet vart det i vårhavlvåret halde kortvarige yrkesopplæringskurs for å rá bot på noko av den relativt store mellombels arbeidsløysa blant ungdom.

Yrkesopplæringsrådet for handverk og industri og Lærlingrådet er slegne saman til eitt råd, og nye medlemmer er oppnemnde.

Statens fiskarfagskolar er frå 1. januar ført over frå Fiskeridepartementet til Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Eitt-årig grunneleggjande kurs i fiskerifag blir prøvd ut i dette skoleåret.

Statens havarivernskole har byrja å etablere seg i Haugesund. Staten har teke over Norsk hotellfagskole, og skolen vil få nye lokale i same anlegget som Rogaland distriktshøgskole i Stavanger.

Reising av nye undervisningsbygg held fram. Om lag 450 000 m<sup>2</sup> skolebygg er no i arbeid.

Vaksenopplæring knytt til skoleverket har auka monaleg siste året. I 1972–73 var det slike tiltak i gang på om lag 190 stader. Dette gjeld kurs som siktar på eksamen særleg frå 9-årig skole og gymnas, men også kurs som gjev yrkesutdanning, særleg i handelsfag. For å møte den auken i verksemda som er venta i åra framover, er det gjennomført ei forenkla saksbehandling. I tillegg kjem kortare ajourførings- og perfeksjoneringskurs og andre vaksenopplæringsstiltak.

Verksemda i dei frivillige opplysningsorganisasjonane har fått auka omfang også siste skoleåret.

Samarbeidet mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Arbeidsdirektoratet held fram når det gjeld yrkesopplæring for vaksne som lekk i arbeidsmarknads- og sysselsetjingspolitikken. I skoleåret 1972–73 vart det under Kyrkje- og undervisningsdepartementet gjennomført 646 kurs med 8 352 deltagarar.

Studenttalet ved universitet og høgskolar, medrekna distriktshøgskolane, er i haust om lag 41 000. Talet på norske studentar i utlandet er framleis om lag 3 000. Ved dei 6 distriktshøgskolane vart det sett i gang ei rad nye studietilbod, og studenttalet auka frå kring 2 200 i 1972 til kring 3 200 i 1973. Musikkhøgskolen har no komme i gang med undervisning i eigen regi. Det permanente styret for Fiskerihøgskolen legg no opp planar for studium ved dei lærestadene som skal samarbeide om denne utdanninga. Universitetet i Tromsø auka i haust studenttalet frå 350 til 800, og 40 studentar tok til med medisinsk studium der for første gong.

Universitetet i Trondheim aukar studenttalet ved Lærarhøgskolen frå om lag 2 300 til 2 800 ved å utvide kapasiteten i provisoriske lokale. Planleggingsarbeidet for den vidare utbygginga i Trondheim og Tromsø held fram. I Oslo er det gjort avtale om auka utdanningskapasitet i klinisk medisin ved dei kommunale sjukhusa. Ved universiteta i Bergen og Trondheim er det i haust sett i gang utdanning i oljegeologi og oljeteknologi.

Pr. 31. august 1973 hadde 1 232 402 løyst radiolisens og 970 054 fjernsynslisens, av desse galdt 49 508 farge-TV.

Det vart opna eit regionteater i Møre og

Romsdal hausten 1972. Det nye Teaterrådet kom i arbeid våren 1973.

I 1972 vart det teke i bruk 14 nye samfunnshus, 12 idrettshallar, 53 symjehallar og ei rad utandørs idrettsanlegg av ymse slag som har fått stønad av tippemiddlane. Den delen av tippeoverskuddet som fall på idretten for 1972, var 37 450 000 kroner. Det var 700 000 kroner meir enn året før.

**Presidenten** mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Det 118. ordentlige Storting som Deres Majestet i dag har erklært åpnet, er det første etter nyvalg. Dette Storting har i henhold til grunnlovsendring av 30. mai 1972 155 representanter, mot tidligere 150.

Det som skjer i verden omkring oss, har i disse dager en framskutt plass i våre tanker. Vi har nylig opplevd at et demokratisk folk er blitt fratatt sine rettigheter, og vi er vitne til at krigshandlingene igjen er i gang i Midt-Østen. Med dyp uro har vi fulgt disse begivenheter, og med skuffelse må vi konstatere at den internasjonale situasjonen er preget av dype motsetninger og mangel på tillit.

Så langt våre krefter og evner rekker, må vårt land yte sitt bidrag til et konstruktivt fredsarbeid. Det er vårt inderlige håp at tvils-spørsmål statene imellom må bli løst gjennom forhandlinger. Som Deres Majestet uttalte i trontalen, vil det bli en sentral oppgave fortsatt å arbeide for mellomfolkelig sikkerhet og internasjonal avspenning. I sine bestrebelsjer for å nå dette mål vil Kongen og hans råd

alltid kunne regne med medvirkning fra Stortings side.

Trontalen peker på betydelige saker som Stortinget vil få til behandling. Det er de hjemlige oppgaver som vil ta det meste av Stortings tid — de spenner over et vidt felt og vil få betydning for vesentlige deler av norsk samfunnsliv.

Det er imidlertid et mål som er felles for oss alle — å bygge landet videre ut økonomisk, sosialt og kulturelt. Og for å nå fram til den beste løsning av alle disse oppgaver vil det stilles store krav til representantenes vilje og evne til samarbeid.

Stortingets gjerning er ansvarsfull. Deres Majestet uttalte i trontalen det håp at den måtte bli til gagn for fedrelandet.

I forvissning om at Stortinget og hver enkelt representant vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange og store oppgaver som ligger foran oss, samles vi i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Dette ønske ble istemt av Stortingets øvrige medlemmer.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om ri-kets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. — Dette forslag an-ses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.30.